

JUSSFORMIDLINGEN

ETABLERT 1972

ÅRSRAPPORT FOR JUSSFORMIDLINGEN 2025



INNHALD

1.	FØREORD	3
2.	OM JUSSFORMIDLINGEN	4
2.1	HISTORIKK.....	4
2.2	ORGANISASJONEN	4
2.3	TILSETTE	4
2.3.1	SAKSHANDSAMARAR.....	4
2.3.2	FRIVILLIGHEIT.....	5
2.3.3	FAGGRUPPA	5
2.3.4	ADMINISTRASJON.....	5
2.4	ORGANISASJONSSTRUKTUR.....	6
2.4.1	<i>ALLMØTET</i>	6
2.4.2	<i>ARBEIDSUTVALET</i>	6
2.4.3	<i>VERV</i>	6
3.	ARBEIDSFORM OG DRIFT	7
3.1	INNLEIING	7
3.2	OPNINGSTIDER OG FERIEOPE	7
3.3	SAKSHANDSAMINGA – SAKSFORLØP OG KVALITETSSIKRINGSRUTINAR.....	7
3.3.1	SAKSINNTAK.....	7
3.3.2	KLIENTMOTTAK OG SAKSHANDSAMING	8
3.3.3	KVALITETSSIKRINGSRUTINAR	8
3.4	UNDERGRUPPEARBEID OG ANNAN AKTIVITET	9
3.4.1	JUSSFORMIDLINGENS UNDERGRUPPER	9
3.4.2	SEMINAR I 2025	9
3.4.3	FAGLUNSJAR.....	10
4.	ØKONOMI	10
4.1	FINANSIERINGSKJELDER.....	10
4.2	GENERELT OM ØKONOMIEN.....	10
4.3	KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN.....	10
4.3.1	RESULTAT I 2025	10
4.3.2	FORVALTING AV MIDLAR I 2025.....	11
5.	RETTSPOLITISK, RETTSOPPLYSANDE OG OPPSØKJANDE ARBEID I 2025	11
5.1	MARKNADSGRUPPA.....	11
5.1.1	KORT OM MARKNADSGRUPPA	11
5.1.2	PROMOTERING, ARRAGERING OG DELTAKING PÅ ARRANGEMENT.....	11
5.2	RETTSHJELPARGRUPPA	12
5.2.1	KORT OM RETTSHJELPARGRUPPA.....	12

5.2.2	SAMARBEIDSPARTNARAR	12
5.2.3	RETTSOPPLYSANDE FØREDRAG OG BROSJYRAR.....	13
5.3	RETTSPOLITISK UTVAL (RPU).....	13
5.3.1	KORT OM RETTSPOLITISK UTVAL	13
5.3.2	BIDRAG I 2025.....	13
5.3.3	RETTSPOLITISK FOKUS I 2025	14
5.3.4	HØYRINGAR	14
5.3.5	RETTSPOLITISKE ARTIKLAR.....	14
6.	SAKSOMFANG OG STATISTIKK	15
6.1	TAL PÅ SAKER/OVERSLAG OVER KOSTNAD PER SAK	15
6.2	MUNNLEGE FØRESPURNADER	16
6.3	SAKER	17
6.3.1	STATISTIKKFØRING AV SKRIFTLEG HANDSAMA SAKER.....	17
6.3.2	GEOGRAFISK FORDELING AV KLIENTANE	17
6.3.3	RETTSOMRÅDE OG TYPE TVISTAR	17
6.3.4	KVEN HJELPER VI?	20
7.	ÅRET 2025 I KORTE TREKK	27

1. FØREORD

Denne rapporten gjev ei grundig oversikt over Jussformidlingen si verksemd i 2025.

Eg har vore dagleg leiar i Jussformidlingen sidan 16.02.2026. I 2025 var Ida Odland, Thorvald Christensen og Vilde Herheim Eriksen daglege leiarar. Dei tre har hatt, og eg har no, ein svært gjevande og meiningsfylt jobb. Det er få arbeidsplassar i landet der dei tilsette er like dyktige og engasjert som hjå Jussformidlingen. Sakshandsamarane, faggruppa og kontormedarbeidarane gjer ein utruleg viktig innsats for at dei som ikkje har råd til advokathjelp, og som av ulike grunnar heller ikkje får hjelp under den offentlege ordninga med fri rettshjelp, skal kunne ha ein ekte sjanse til å få gjennomslag for rettane sine. Menneska Jussformidlingen hjelper har like stort behov for rettshjelp som folk flest, sjølv om dei ikkje har råd til å hyre advokat, eller å få advokatrekninga si heilt eller delvis dekt av staten.

Sakshandsamarane hjå Jussformidlingen set studia på pause, og gjev eit år av liva sine for å bidra til at lommebøkene våre ikkje skal få avgjere om vi har rett eller ikkje. Dei gjer ein uvurderleg innsats for at dei som treng det mest, òg skal få den hjelpa dei fortener. Gjennom friviljug arbeid strevar dei kvar dag for å gjere samfunnet vårt litt meir rettferdig. Eg er svært stolt av å få lov til å leggje til rette for at dei skal kunne gjere jobben sin på ein mest mogeleg effektiv måte.

Trass i hyppige utskiftingar av daglege leiarar, og utryggleik knytt til tildelinga til dei spesielle rettshjelpstiltaka i statsbudsjettet for 2025, har Jussformidlingen jamt over hatt normal drift gjennom heile året. Vi har gjeve munnleg rettleiing, handsama saker skriftleg og opptredd som prosessfullmektigar i ulike klage- og tvisteløysingsorgan på tilsvarande nivå som i tidlegare år. Vi har drive oppsøkjande og rettsopplysande verksemd i ulike delar av landet, og gjeve verdifulle bidrag til høyringsprosessar og rettspolitiske debattar. I 2026 skal vi arbeide for å nå ut til endå fleire.

Arbeidet vårt hadde ikkje vore mogeleg utan gjevarane våre. Dei fortener ein stor takk for at dei gjev oss dei midlane og ressursane vi treng for å halde fram med å vere ein etablert og seriøs tilbydar av gratis rettshjelp. Vi håpar denne rapporten kan vise dykk at alt de gjev oss kjem til svært god bruk.

Eg vil rette ei særleg takk til søsterorganisasjonane våre, JURK, Jusshjelpa i Nord-Norge og Jussbuss. Samarbeidet med dykk er svært viktig for oss, og vi let oss stadig inspirere av det gode arbeidet de gjer.

Eivind Rand Øyre

Bergen, 31. mars 2026

2. OM JUSSFØRMIDLINGEN

2.1 HISTORIKK

Jussformidlingen – studentenes juridiske formidlingstjeneste – blei oppretta i 1972. Føremålet var og er tredelt: Jussformidlingen har som føremål å yte juridisk bistand til privatpersonar, gje jusstudentar relevant arbeidserfaring og ved erfaring kartleggje kva behov det er for rettshjelp og slik kaste lys over kva sosiale grupper som treng det mest.

Mykje har endra seg sidan starten i 1972. Sakstilfanget har auka enormt, frå 88 saker i 1972 til om lag 3000 per år i perioden frå 2013 til 2016, og vidare til dagens gjennomsnitt på 5000-6000 førespurnader og saker per år frå 2017 og utover. Utviklinga viser at det er et stadig aukande behov for gratis rettshjelp.

Jussformidlingen er i all hovudsak finansiert gjennom tilskot frå Justis- og beredskapsdepartementet ved Statens sivilrettsforvaltning. I tillegg mottok vi støtte frå mellom anna Bergen kommune, Bergesenstiftelsen og Kulturstyret. I 2021, 2022 og 2025 mottok vi òg enkeltståande tildelingar frå Juristforbundet. Jussformidlingen er ein sjølvstendig organisasjon, men har eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen. Universitetet bidreg med lokale og administrative og tekniske tenester. Det juridiske fakultet stiller sine vitskapelege tilsette til disposisjon for oss i vårt arbeid. Dette samarbeidet verdset vi høgt.

Sidan grunnleggjinga har Jussformidlingen hatt som mål å arbeide for dei gruppene som ikkje har hatt tilgang til tilfredsstillande rettshjelp eller som av andre grunnar opplever terskelen for å oppsøke annan juridisk rådgjeving som høg. Vår statistikk viser at vi i stor grad oppnår dette målet. Hovuddelen av våre klientar har låg årsinntekt, står utanfor arbeidsmarknaden eller er i ein livssituasjon som gjer det utfordrande å skaffe seg anna form for rettshjelp.

2.2 ORGANISASJONEN

Jussformidlingen er sett saman av totalt 30 tilsette, der 22 er sakshandsamarar. Arbeidet som sakshandsamarar er frivillig og strekkjer seg over eitt år. Fire sakshandsamarar får høve til å forlengje engasjementet sitt med ytterlegare eit halvt år, ved å halde fram som faggruppeleiarar (Rettspolitisk utval, Rettshjelpargruppa, Marknadsgruppa og Seminaransvarleg). Organisasjonen har i tillegg ein fast tilsett dagleg leiar, og tre deltidstilsette kontormedarbeidarar. To av dei tre kontormedarbeidarane yter generell juridisk rettleiing over telefon.

2.3 TILSETTE

2.3.1 SAKSHANDSAMARAR

Sakshandsamarane er vidarekomne jusstudentar ved Universitetet i Bergen. Engasjementet deira varer i eitt år. Dei har ansvar for sine eigne saksporteføljer, som dei handsamar og følgjer opp. Dei utarbeider alt skriftleg arbeid sjølvstendig. Studentane skal drøfte sakene sine med andre sakshandsamarar undervegs i arbeidet. I tillegg har dei høve til å rådføre seg med dagleg leiar (som er jurist) og vitskapeleg tilsette ved det juridiske fakultet ved UiB. Gjennomsnittleg er saksporteføljen sett saman av 30 ulike saker, men det er ein viss variasjon, mellom anna grunna kor arbeidskrevjande sakene er. Sakshandsamarane handsamar saker innanfor alle Jussformidlingen sine kjerneområde, og får på den måten eit breitt læringsutbyte og ein variert arbeidskvardag.

Sakshandsamarar i 2025

1. semester 2025 (oppstart i mars): Anne Grimstad Revold, Clara Maria Herzke, Elise Bertelsen Leerstang, Emma Margrethe Geelmuyden, Ingrid Sofie Ude, Kajsa Zeiner-Henriksen, Kristine Lenth Solbø, Mina Elise Larsen Fahlvik, Sofie Christine Larsen og Tuva Westby Marthinsen.

2. semester 2025 (oppstart i august): Aida Tesfazion, Alexandra Bengson, Benedicte Stensrud Pedersen, Eirik Hodneland, Hannah Solland, Ingebjørg Berge, Jacob Hustad Andresen, Jesper Stockkamp, Maren Torgersen, Maya Møller, Nora Grønvold og Victor Botnevik.

2.3.2 FRIVILLIGHEIT

Praksisåret hjå Jussformidlingen gjev sakshandsamarane 30 studiepoeng i valemnet JUS325 Rettshjelp ved Universitetet i Bergen, føresett at sakshandsamaren har hatt minst 20 saker og at Universitetet i Bergen godkjenner den avsluttande rapporten som blir levert i slutten av opphaldet. Summen studiepoeng som tilkjennast etter eit år hjå Jussformidlingen tilsvare eitt studiesemester. Det andre semesteret medfører difor forseinking i studentane sin studieprogresjon og må difor finansierast utan stipend frå Lånekassen. For å gjere engasjementet hjå oss mogleg blei det i 2025 gjeve ei månadleg utbetaling på kr 7 810 til sakshandsamarane under praksisåret.

Omgjort til ei timeløn på kr 198 (timeløna ein mottek under feriearbeidet) utgjer talet på betalte timar i månaden om lag 39. Det tilsvare i underkant av 10 betalte timar i veka. Sakshandsamarane er pålagde å arbeide minst fire timar kvar dag, altså 20 timar kvar veke. Sakshandsamarane arbeider som regel langt meir enn kravet, og stillinga er i røynda ein fulltidsjobb. Arbeidet som sakshandsamar hjå Jussformidlingen ber difor sterkt preg av friviljugheit. Arbeidsmengda for studentane let seg vanskeleg kombinere med studium eller anna arbeid.

2.3.3 FAGGRUPPA

Faggruppa er samansett av tidlegare sakshandsamarar i Jussformidlingen som held fram med arbeidet eit tredje semester i ei deltidsstilling med fast oppmøte kvar fredag. Dei er tilsette i eitt semester, med byte i februar og august kvart år.

Faggruppa i 2025 var samansett av leiar for Rettspolitisk utval, leiar for Rettshjelpargruppa, leiar for Marknadsgruppa og Seminaransvarleg. Eg skriv meir om undergruppene og seminarane nedanfor.

Faggruppa kontrollerer velferdsmessigheit og habilitet knytt til innkomne saker kvar fredag (sakshandsamarlunsj). Dei leiar òg undergruppene sitt arbeid, arrangerer seminar, har hovudansvaret for opplæring av nye sakshandsamarar og planlegg faglunsjar. Faggruppa hjelper òg dagleg leiar ved behov, og deltek i Arbeidsutvalet (AU) og Jussformidlingen sitt styre.

Faggruppa 2025

***Vårsemester 2025** – Liv Kristin Bjørgaas Helle (RPU), Synne Kollstad (Rettshjelpar), Skage Sundvor (Marknadsgruppa) og Ida Heggdal Jørgensen (Seminaransvarleg).*

***Hhaustsemester 2025** – Agathe Brekke Steen (RPU), Aleksandra Liverød (Rettshjelpar), Thelene Smaadal Hitland (Marknadsgruppa) og Chizitere Dulibeakor (Seminaransvarleg).*

2.3.4 ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har ansvar for administrasjon, dagleg drift, budsjett og rekneskap. I tillegg er dagleg leiar den nærmaste overordna til dei totalt 29 tilsette ved Jussformidlingen, noko som òg inneber personalansvaret for dei. I tillegg fungerer dagleg leiar som juridisk og taktisk rådgjevar for sakshandsamarane og har det overordna faglege ansvaret.

Daglege leiarar i 2025

***Ida Odland** (i permisjon): Ida Odland er utdanna jurist med tidlegare arbeidserfaring frå Forbrukartilsynet, Forbruker Europa og Raudekrossen.*

***Thorvald Christensen** (vikar): Thorvald Christensen er utdanna jurist med tidlegare arbeidserfaring frå mellom anna NAV Klageinstans og Wayback Bergen – stiftelsen livet etter soning.*

***Vilde Herheim Eriksen** (mellombels tilsett dagleg leiar): Vilde Herheim Eriksen er utdanna jurist og arbeider for tida i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.*

Jussformidlingen har tre kontormedarbeidarar som arbeider deltid med éin fast arbeidsdag i veka. Kontormedarbeidarane bistår dagleg leiar i den daglege drifta og betener resepsjonen kvar måndag eller fredag. I 2025 var alle stillingane besette av studentar ved Det juridiske fakultet i Bergen. Kontormedarbeidarane er timeløna.

Kontormedarbeidarar i 2025

Kamil Jan Grusza, Alexandra Harangen, Maya Møller, Solveig Kvamme, Vilde Turnes og Sigrid Rong Bergsvåg.

2.4 ORGANISASJONSSTRUKTUR

2.4.1 ALLMØTET

Allmøtet er Jussformidlingen sitt høgaste organ. Alle sakshandsamarane er medlemmer av allmøtet og har møteplikt og tale- og røysterett. Allmøtet heldast jamleg kvar 3. veke. Dagleg leiar har møteplikt, talerett og forslagsrett.

Viktige saker for Jussformidlingen blir tekne opp på allmøtet. Det er likevel ingen avgrensingar på kva saker som blir tekne opp. Dette er i tråd med prinsippet om at Jussformidlingen er ein demokratisk organisasjon med flat struktur der alle tilsette skal ha høve til å påverke drifta.

2.4.2 ARBEIDSUTVALET

Arbeidsutvalet (AU) fungerer som Jussformidlingens styre og støtte til dagleg leiar. AU har ein rådgjevande funksjon overfor dagleg leiar, i tillegg til eit delegert ansvar for å følgje opp dagleg leiar si arbeidsutføring. Arbeidsutvalet er sett saman av allmøteleiar, tillitsvalt og faggruppa.

2.4.3 VERV

Ved sida av arbeidet som sakshandsamar skal andresemesters sakshandsamarar i tillegg ha eit verv som gjev dei eit eige ansvarsområde og ekstra oppgåver. Sakshandsamaren har vervet det siste halvåret før fullført praksisår.

Sentrale verv i Jussformidlingen:

- **Allmøteleiar**
Allmøteleiar har som oppgåve å planleggje, kalle inn, og leie allmøta og møta i arbeidsutvalet. I 2025 var Agathe Steen og Kristine Lenth Solbø allmøteleiarar.
- **Tillitsvalt**
Tillitsvalt har ansvaret for å gje råd til dagleg leiar i personalspørsmål, og å representere dei tilsette overfor dagleg leiar dersom det er behov for det. Tillitsvalt deltek òg i intervjukomiteen ved tilsetjing av nye sakshandsamarar. Vilde Herheim Eriksen og Tuva Martinsen var tillitsvalde i 2025.
- **Verneombod**
Verneombodet har hovudansvaret for vårt HMS-arbeid i samråd med dagleg leiar og har eit ekstra ansvar for teknisk utstyr hjå oss. I 2025 var Stine Breisnes Sletten og Elise Leerstang verneombod.
- **Revisor**
Revisorgruppa er sett saman av to sakshandsamarar. Føremålet til revisorgruppa er å ha ein kontrollierende funksjon overfor dagleg leiar sitt arbeid knytt til organisasjonen sin økonomi. Revisorgruppa skal sjekke budsjett og revidert budsjett, og kontrollere rekneskapen i tråd

med god rekneskapsskikk så langt det er mogeleg og etter sitt beste skjønn. Dette vervet har dei, til forskjell frå dei andre verva, heile praksisåret sitt på Jussformidlingen. I 2025 var revisorgruppa samansett av Ingrid Sofie Ude og Maya Møller.

3. ARBEIDSFORM OG DRIFT

3.1 INNLEIING

Jussformidlingen held til i lokale i Sydneshaugen 10, som er stilt til rådvelde av Universitetet i Bergen.

Det mest sentrale i Jussformidlingen si verksemd er den kvalitetssikrande, skriftlege sakshandsaminga. I tillegg til ei inngåande skriftleg sakshandsaming, blir eit stort tal juridiske spørsmål svart på via telefon og direkte i resepsjonen. I desse tilfella får personen generell rettleiing om regelverket. Derksom dei som kjem til oss har krav på anna rettshjelp eller kan få betre bistand av andre, blir dei vist til andre relevante aktørar.

Jussformidlingen har eit gjennomgåande fokus på god munnleg rettleiing via telefon eller i resepsjonen. Ein prøver å gjere personane som tek kontakt i stand til å hjelpe seg sjølve. Jussformidlingane avgrensar og i større grad enn før kva saker vi tek inn til skriftleg handsaming, slik at vi kan bruke kapasiteten til å bistå dei som treng gratis rettshjelp mest.

3.2 OPNINGSTIDER OG FERIEOPE

Jussformidlingen held ope måndag til torsdag. Opningstidene er kl. 09:00 – 15:00, med unntak av torsdagar, då vi held ope frå 11:00 til 17:00. Resepsjonen er betent av to sakshandsamarar frå tysdag til torsdag, og to kontormedarbeidarar på måndagen. Dei tek imot innkomande telefonsamtalar og besøkande som møter opp i lokala våre. I tillegg ringjer dei opp personar som har sendt inn førespurnader på nettsidene våre.

Jussformidlingen held stengt på fredagar for å gjennomføre faste sakshandsamararmøte, mellom anna for å avklare velferdsmessigheit og habilitet knytt til saker som ein vurderer å ta inn til skriftleg handsaming.

Til saman held Jussformidlingen stengt i ti veker i løpet av året. I desse periodane gjennomfører Jussformidlingen rettspolitisk arbeid, opplæring, kompetanseheving og ferieavvikling i påsken og jula. Den vanlege drifta blir sett på pause to gonger kvart semester, éi rettspolitisk veke og ei anna for internseminaret vårt. I opplæringsveka (mars og august) er òg saksmottaket som hovudregel stengt for nye førespurnader.

Jussformidlingen held ope i sommarferien og delar av juleferien. Ein held då fram med å vurdere om innkomne saker kan takast inn til skriftleg handsaming etter ferien. Ekstraarbeidet i feriane er frivillig og timeløna. Talet på førespurnader held seg på tilnærma same nivå i feriane som elles i året.

I 2025 heldt Jussformidlingen ope i 47 av 52 veker. Organisasjonen har altså ytt rettshjelp nær sagt heile året.

3.3 SAKSHANDSAMINGA – SAKSFORLØP OG KVALITETSSIKRINGSRUTINAR

3.3.1 SAKSINNTAK

Saksinntaket vårt skjer ved at mogelege klientar sender inn sakene sine via eit skjema på nettsidene våre, for så å bli oppringde, eller ved at dei møter opp i lokala våre. I telefonvakta og resepsjonen gjev sakshandsamarane generell juridisk rettleiing. Mange saker blir løyste ved generell juridisk rettleiing, ofte fordi den som tek kontakt berre treng opplysingar om kva rettsreglar som er relevante for problemstillinga.

I saker der generell juridisk rettleiing ikkje er tilstrekkeleg, og saka er av stor velferdsmessig tyding for den det gjeld, tilbyr Jussformidlingen ytterlegare bistand i form av skriftleg handsaming av saka. Det gjeld i all hovudsak for saker innanfor dei prioriterte rettsområda våre (arbeidsrett, trygde- og sosialrett, utlendingsrett, husleigerett (leigetakarar og framleigarar) og straffegjennomføringsrett). Desse rettsområda blir prioriterte fordi dei vanlegvis er av stor velferdsmessig tyding for personkretsen Jussformidlingen bistår.

Personen sin livssituasjon og spørsmålet om det er skjedd klar urett veg tungt i vurderinga av om det ligg føre velferdsmessige omsyn som taler for at saka skal takast inn til skriftleg handsaming. Med klar urett meiner vi tilfelle der motpart har handla i strid med ufråvikeleg lovgjeving eller andre tungtvegande rettskjelder. I vurderinga av personen sin livssituasjon legg vi vekt på inntekt, inntektskjelde, tvistesum sett opp mot inntekt, forsørgjarbyrde, sivilstatus, formue og gjeld og eventuelle individuelle utfordringar (språkvanskar, funksjonsvariasjonar, manglande sosialt nettverk og liknande.). Vi vurderer òg kva føresetnader personen har for å vinne fram med saka på eiga hand, eller om vedkomande har krav på eller reelt høve til å få annan rettsleg bistand.

Føremålet med grovsilinga (velferdsmessigvurderinga) som skjer i telefonvakta og resepsjonen er å sørge for at Jussformidlingen så langt som råd hjelper dei i samfunnet med størst behov for gratis retts-hjelp. Det store talet på førespurnader vi får, sett opp mot kapasiteten vår, gjer det naudsynt med ei slik prioritering.

3.3.2 KLIENTMOTTAK OG SAKSHANDSAMING

I sakene som blir tekne inn til skriftleg handsaming, set Jussformidlingen først opp eit klientmottak med sakshandsamaren som har fått tildelt saka. Klientmottaket er det første møtet mellom klienten og saks-handsamaren. Det er no det blir inngått eit formelt klientforhold mellom Jussformidlingen og klienten.

Under klientmottaket samlar sakshandsamaren inn opplysingar om saka. Saka kan framleis avvisast på dette stadiet, dersom det til dømes blir avdekt at det ikkje ligg føre ei reell tvist, at tvistesummen er høgare enn det ansvarsforsikringa vår dekkjer, eller at saka ikkje lenger er tilstrekkeleg velferdsmessig når ein nyare framkomne opplysingar til grunn. Er inngangsvilkåra oppfylte, signerer klienten klient-kontrakt og eventuelle fullmakter, og sakshandsamaren kan ta imot dokumentasjon som klienten har med seg. Sakshandsamaren må så ta saka med på eit fast møte godkjenningsmøte (saksbehandlerlunsj). Når saka er godkjent, kan sakshandsamaren ta til med arbeidet med saka.

Sakshandsamaren har eit sjølvstendig ansvar for sin eigen saksportefølje, og utarbeider alt skriftleg arbeid sjølv. Samstundes skal sakene drøftast med kollegaer. Studentane har høve til å rådføre seg med dagleg leiar og vitskapleg tilsette ved det juridiske fakultet undervegs i arbeidet. Alt skriftleg arbeid blir kvalitetssikra i fellesskap før det blir sendt ut. Mellom anna må alle brev med juridiske vurderingar godkjennast på eit kommisjonsmøte leidd av ein vitskapleg tilsett ved det juridiske fakultet.

Jussformidlingen hjelper klientane på fleire måtar, mellom anna ved utarbeiding av motparts-brev, partsrepresentasjon overfor motpartar, forvaltingsorgan og som fullmektigar i tvisteløysingsorgan utan dei ordinære domstolane. Dersom klienten sitt krav blir vurdert til å vere utilstrekkeleg dokumentert, eller dersom Jussformidlingen kjem til at klienten ikkje har eit krav, eller har gode føresetnader for å vinne fram med saka sjølv, sender Jussformidlingen ei juridisk utgreiing til klienten i staden for eit motparts-brev. Utgreiinga tek føre seg saka sine faktiske og rettslege sider, og inneheld ei vurdering av klienten sitt krav sett opp mot tilgjengeleg dokumentasjon og relevante rettsreglar.

3.3.3 KVALITETSSIKRINGSRUTINAR

Saksarbeidet gjerast hovudsakleg av sakshandsamaren aleine. Arbeidsforma vår er likevel lagt opp slik at sakshandsamarane drøfter sakene sine seg imellom undervegs. Jussformidlingen har faste og vekentlege møte (saksbehandlerlunsj og klubb) leidd av faggruppeleiarane, som alle sakshandsamarane tek del i.

På *saksbehandlerlunsj* blir alle saker der det er gjennomført klientmottak gjennomgått. Føremålet med møtet er å vurdere habilitet og velferdsmessigheit. Sakshandsamarane røystar i fellesskap over om saka skal godkjennast eller ikkje. Under møtet blir det òg gjort innleiande vurderingar av om det skal skrivast motparts-brev eller utgreiing i saka. Like etter at *saksbehandlerlunsj* er gjennomført, møtast sakshandsamarane i mindre grupper, kalla klubb, der dei kan ta opp og drøfte faktiske, taktiske og juri-diske problemstillingar knytt til konkrete saker dei arbeider med.

Alle brev blir lesne av minst to sakshandsamarar, som kontrollerer språk, rettskjelder, subsumsjon, dokumentasjon og taktiske vurderingar. Den første gjennomlesaren er ein sakshandsamar i sitt første semester, medan den andre gjennomlesaren er på sitt andre semester. Båe to må godkjenne brevet. Når gjennomlesarane har godkjent brevet, tek sakshandsamaren det med seg på eit kommisjonsmøte for endeleg godkjenning.

På kommisjonsmøta deltek ein vitenskapleg tilsett frå det juridiske fakultetet, og minst fem sakshandsamarar. To at sakshandsamarane må vere i sitt andre semester. Her blir breva lesne opp, og eventuelle spørsmål eller innspel til taktiske val eller juridiske vurderingar blir drøfta, før kommisjonen avgjer om brevet er klart til å sendast ut eller ikkje. Dersom kommisjonen kjem fram til at det må gjerast endringar i brevet, må desse godkjennast av gjennomlesarane etter at sakshandsamaren har gjort dei, før brevet blir teke med på ein ny kommisjon.

Ordninga gjer at sakshandsamingstida blir lengre, men sikrar til gjengjeld kvaliteten på arbeidet som blir gjort. Slik kan Jussformidlingen arbeide med saker innanfor eit breitt spekter av rettsområde, og med saker av ein viss kompleksitet.

3.4 UNDERGRUPPEARBEID OG ANNAN AKTIVITET

3.4.1 JUSSFORMIDLINGENS UNDERGRUPPER

I tillegg til sakshandsamingsoppgåvene skal alle sakshandsamarane delta aktivt i undergruppene *Marknadsgruppa*, *Retts hjelpargruppa* eller *Rettspolitisk utval*. Undergruppene samarbeider tett, då arbeidsområda overlappar. Eg kjem tilbake til kva arbeid dei ulike undergruppene gjennomførte i 2025.

3.4.2 SEMINAR I 2025

3.4.2.1 FELLESSEMINAR

Kvart år samlast Jussformidlingen og dei andre studentdrivne rettshjelpstiltaka (JURK, Jusshjelpa i Nord-Norge og Jussbuss) til eit fellesseminar. Ansvaret for å arrangere seminaret rullerer mellom dei ulike tiltaka frå år til år.

I 2025 var det JURK som arrangerte fellesseminaret i Oslo 16. og 17. oktober. Temaet for seminaret var «*Hvordan kan vi endre rettsstillingen?*».

3.4.2.2 INTERNSEMINAR OG SEMINARTUR

Kvart semester arrangerer Jussformidlingen ein seminar tur der alle tilsette med unntak av kontormedarbeidarane deltek. Seminara er viktige element i opplæringa av sakshandsamarane. Kompetansehevande eksterne føredrag og kurs står i fokus. I tillegg blir det gjennomført eit internt seminar, der føremålet er å identifisere område der organisasjonen har forbetningspotensial, og å kome fram til løysingar på desse utfordringane i fellesskap.

Seminara er òg viktige for erfarings- og kompetanseoverføringa mellom sakshandsamarane og faggruppa. Halvparten av organisasjonen blir bytt ut kvart semester. Kvart kull har berre eit halvt år på seg på å lære opp neste kull. Det skal berre eitt kull til for at viktige rutinar glipp eller for at overført kunnskap går tapt. Slike tiltak for i best mogeleg grad å sikre kontinuiteten i organisasjonen er avgjerande for Jussformidlingen. Det er ein av grunnane til at seminaret blir gjennomført kvart semester.

Seminara er svært viktige for samhaldet mellom sakshandsamarane. Dei er ein viktig arena for å løfte blikket frå einskildsakene, og for å sjå arbeidet vårt i ein større samanheng. Idémlydringa og problemløysinga for å forbetre drifta vår under seminara byggjer og opprettheld ein effektiv samarbeidskultur hjå sakshandsamarane. Jussformidlingen freistar å halde kostnadene til seminara låge i høve til driftskostnadene våre elles. Når det er sagt, er dei positive opplevingane under seminara eit rimeleg gode å yte, sett opp mot at sakshandsamarane sitt arbeid ber stort preg av friviljugheit.

Våren 2025 gjekk seminar turen til Stavanger, og hausten 2025 gjekk turen til Trondheim. På desse turane besøkte Jussformidlingen fleire aktørar som sakshandsamarane anten er jamleg i kontakt med, eller som elles sit med kompetanse som er relevant for det faglege arbeidet deira, slik som til dømes, Forlikrådet, Statsforvaltaren, Gatejuristen, Ung rettshjelp, Raudekrossen, Frelsesarméen, Internasjonal velferdsforening og Forbrukartilsynet.

Jussformidlingen heldt òg føredrag, t.d. på St. Svithun vidaregåande skule. På alle seminar turane driv Jussformidlingen med oppsøkjande arbeid, slik som stands, utdeling av brosjyrar og føredrag. På denne måten kjem vi i kontakt med menneske på stader der vi ikkje er fysisk til stades.

3.4.3 FAGLUNSJAR

Sakshandsamarane er under opplæring under heile opphaldet deira hjå Jussformidlingen. Vi arrangerer difor fleire ulike kurs og føredrag der vi inviterer vitskapleg tilsette ved det juridiske fakultet eller eksterne fagpersonar til å halde føredrag om emne som er aktuelle for sakshandsamarane sitt arbeid. Desse arrangementa kallar vi faglunnsjar.

I 2025 blei det mellom anna halde følgjande kurs og føredrag for Jussformidlingen sine tilsette:

- Kurs i regi av Trygderetten om korleis dei arbeider.
- Kurs om EØS-retten i regi av ESA
- Kurs om rettspolitisk arbeid ved Jørn Jacobsen, studiedekan ved det juridiske fakultet.
- Kurs om prosessen i forlikrådet i regi av Harris Advokatfirma.

4. ØKONOMI

4.1 FINANSIERINGSKJELDER

Jussformidlingen sin største bidragsytar er Justis- og beredskapsdepartementet. Dei årlege tidelingane strekkjer seg tilbake til 1987. Tilskota til spesielle rettshjelpstiltak som Jussformidlingen, administrerast av Statens sivilrettsforvaltning. I 2025 fekk Jussformidlingen kr 5 169 943 frå Statens sivilrettsforvaltning.

Jussformidlingen har fleire faste bidragsytarar. I 2025 fekk vi kr 130 000 frå Kulturstyret (Velferdstinget Vest) for det studentretta arbeidet vårt på vestlandet. Vi fekk òg kr 191 800 i tilskot frå Bergen kommune og kr 150 000 frå Bergesenstiftelsen. Mot slutten av året fekk Jussformidlingen òg enkeltstående tildelingar frå Juristforbundet og UiB på høvesvis kr 48 667 og 100 000. Samla fekk Jussformidlingen kr 5 790 410 i tilskot frå gjevarane våre i 2025.

Universitetet i Bergen bidreg òg kvart år ved å dekkje godtgjeringa til kommisjonsleiarane, og ved å stille lokala sine på Sydneshaugen 10 til vår disposisjon.

4.2 GENERELT OM ØKONOMIEN

Jussformidlingen sine ressursar er bundne opp i fleire faste utgifter som personalkostnader, programvare og lisensar og andre naudsynte data- og teletenester. Det er òg løpande utgifter knytt til sjølve sakshandsaminga, slik som porto-, papir- og utskriftsutgifter, og påfyll av anna kontorrekvisita. Lønskostnadene er den største utgifta vår. Likevel er det verdt å merke seg at løna til sakshandsamarane våre ligg eit godt stykke under lønsnivået i søsterorganisasjonane våre.

Jussformidlingen er ein etablert del av dagens rettshjelpstilbod, og har vore det i over 50 år. Vi har ingen inntektsgjevande aktivitetar i organisasjonen, og er heilt avhengige av tilskota frå gjevarane våre, då særleg Statens sivilrettsforvaltning. Tilskota frå år til år er meir eller mindre føreseielege, men driftsforma krev at Jussformidlingen har ein viss eigenkapital som blir overført frå år til år. Eigenkapitalen tener som sikkerheit for ein eventuell reduksjon i tilskota, slik at drifta skal kunne halde fram på vanlegast moglege vis i ein slik situasjon.

4.3 KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

4.3.1 RESULTAT I 2025

Ved inngangen til 2024 hadde Jussformidlingen ei positiv overføring på kr 1 423 293 («eigenkapitalen»). I 2025 hadde Jussformidlingen eit overskot på kr 821 626. Det samla overskotet auka difor til kr 2 244 919 ved utgangen av 2025.

Overskotet på kr 821 626 skriv seg frå tildelingar frå UiB og Juristforbundet seinhausten 2025, rekneskapseffektar av UiBs ubrukte avsetning til lønsoppgjer for 2024 og rekneskapskonsekvens av ein periode med manglande bruk av DFØs timeføringssystem og innsparingar som mellom anna skriv seg frå usikkerheit knytt til endeleg storleik på tildelingar for 2025. Postane knytt til ubrukt avsetning til lønsoppgjer og rekneskapskonsekvensar av manglande timeføring i DFØ (til saman kr 328 049) utgjer

ikkje eit reelt overskot. Postane er nærmare kommenterte i den vedlagde kommentaren til rekneskapskapen frå rekneskapsavdelinga ved Universitetet i Bergen.¹

4.3.2 FORVALTING AV MIDLAR I 2025

Jussformidlingen har brukt mindre enn budsjettert på både personal- og driftskostnadspostane i 2025. Underforbruket på personalkostnadspostane er, som nemnt kort ovanfor, dels ikkje reelt, og dels forårsaka av at ein ikkje har hatt fast tilsett dagleg leiar i 2025, men ein vikar og ein mellombels tilsett dagleg leiar. I tillegg kjem mindre refusjonsbeløp.

Einskildtildelingar på til saman kr 148 666 frå UiB og Juristforbundet seint i 2025 bidreg til at underforbruket på driftsbudsjettet for 2025 ser høgare ut enn det reelt sett har vore i løpet av året. Ein større einskildpost som reelt sett har vore unnytta, er konto 6550, som var meint å nyttast til innkjøp av nye datamaskiner. Grunna usikkerheit knytt til tildelingar over statsbudsjettet i 2025, blei denne naudsynte investeringa utsett til 2026.

Elles viser rekneskapskapen for 2025 at driftsmidlane stort sett har blitt brukte som budsjettert. Slik som i 2024 ser ein at det er eit korresponderande over- og underforbruk på postane knytt til seminarturane. Dette har ein søkt å avhjelpe for 2026-rekneskapskapen ved å i større grad omfordele midlane til dei budsjettpostane ein ser at blir nytta i praksis. Ein har i aukande grad refundert dei tilsette sine reiseutgifter, sidan det ved fleire høve har vist seg meir lønsamt enn å bestille gruppereiser, eller fordi det av andre grunnar har vore praktisk utfordrande å bestille slike reiser samla.

Tolkeposten i 2025-budsjettet har òg vore unnytta. Det var òg tilfellet i 2024. Bakgrunnen er at Bergen kommune tilbyr Jussformidlingen fire gratis tolketimar i månaden. Jussformidlingen meiner likevel det er naudsynt å ha ein buffer å gå på når det kjem til tolkeutgifter, sidan vi har eit stort tal på klientar som ikkje kan norsk eller engelsk, og behovet varierer frå månad til månad, slik at dei fire gratistimane kan bli oppbrukte.

Jussformidlingen har i det store og heile kunna drive som normalt i 2025, og har drive oppsøkjande verksemd, reist og halde ope som normalt. Innsparingane som følgje av utryggleik knytt til tildelingar over statsbudsjettet for 2025 har for det meste gått ut over gjennomføring av oppsøkjande og opplysande verksemd i form av mindre undergruppeturar. Jussformidlingen planlegg, og har budsjettert for, å gjennomføre desse som normalt i 2026, for å på den måten nå ut til målgruppa vår i fleire delar av landet.

Målsetnaden for 2026 er sjølvsagt å ende opp med eit mest mogeleg normalt resultat, altså med minimalt under- eller overskot.

5. RETTSPOLITISK, RETTSOPPLYSANDE OG OPPSØKJANDE ARBEID I 2025

5.1 MARKNADSGRUPPA

5.1.1 KORT OM MARKNADSGRUPPA

Marknadsgruppa si oppgåve er å marknadsføre Jussformidlingen best mogeleg for å gjere einskildpersonar, samarbeidspartnarar og andre profesjonelle aktørar kjende med arbeidet vi gjer og tenestene vi tilbyr. I tillegg ønskjer vi å vere eit attraktivt praksistilbod for jusstudentar ved Universitetet i Bergen.

Våren 2025 blei marknadsgruppa leidd av Skage Sundvor, og hausen 2025 blei ho leidd av Thalene Smaadal Hitland.

5.1.2 PROMOTERING OG DELTAKING PÅ ARRANGEMENT

Marknadsgruppa har hatt eit aktivt år der fleire aspekt ved marknadsføringsverksemda har blitt vidareutvikla. Våren 2025 blei det innført ein ny modell for arbeidet som medfører at medlemene no har meir definerte ansvarsområde, til dømes knytt til nettsidene våre, arrangement og profilane våre på sosiale media.

¹ Bakgrunnen for resultatet i 2025 er nærmare skildra i søknad av 27.02.26 til Statens sivilrettsforvaltning om overføring av midlar til 2026.

Marknadsgruppa sørgjer for at Jussformidlingen sine rettspolitiske artiklar blir publiserte på heimesidene våre og på sosiale media. Publisering i kanalane våre skjer vekentleg, etter ein marknadsføringsplan som blitt sett i starten av kvart semester.

Sosiale media er framleis den viktigaste kanalen vår for å nå fram til og å rekruttere nye sakshandsamarar. I 2025 har marknadsgruppa arrangert såkalla Takeovers på Instagram-kontoen vår, der ein av sakshandsamarane spelar inn videoar som viser korleis ei vanleg arbeidsveke føregår på Jussformidlingen. Vi opplevde større engasjement frå følgjarane våre medan dette pågjekk. Marknadsgruppa har òg arrangert to opne dagar, der studentar som vurderer å søkje seg til Jussformidlingen kan få kome inn på kontoret og forhøyre seg med sakshandsamarane om korleis det er å arbeide hjå oss. Dei har òg spelt inn videohelsingar frå tidlegare dekan ved det juridiske fakultetet, Karl Harald Søvig, og professor Johan Giertsen, der dei oppmodar studentar til å søkje seg til Jussformidlingen.

Sosiale media er òg eit viktig verktøy for å nå ut til nye potensielle klientar, og for å sørgje for at flest mogeleg er klare over kva Jussformidlingen kan hjelpe til med. Instagramkontoen vår vaks med over 600 nye følgjarar i 2025, og Jussformidlingen har opplevd ein positiv auke i søkjartal. Resultata viser at marknadsgruppa sitt arbeid har vore velretta og effektivt.

Marknadsgruppa har òg stått på stand og delt ut brosjyrar på det juridiske fakultet og Bergen offentlege bibliotek. Slik har marknadsgruppa òg bidrege til å nå ut til potensielle nye klientar.

5.2 RETTSHJELPARGRUPPA

5.2.1 KORT OM RETTSHJELPARGRUPPA

Rettshjelpargruppa driv med oppsøkjande og rettsopplysande arbeid retta mot klientgruppa vår, med eit særleg fokus på dei mest sårbare gruppene som har størst behov for juridisk rådgjeving.

Våren 2025 blei Rettshjelpargruppa leidd av Synne Kollstad og på hausten blei ho leidd av Aleksandra Liverød.

5.2.2 SAMARBEIDSPARTNARAR

Dei siste åra har Jussformidlingen retta den oppsøkjande verksemda mot ulike institusjonar og aktørar med same målgruppe som oss. Fleire av aktørane har vi no samarbeidd med over fleire år. Jussformidlingen ønskjer å halde fram med samarbeidet med tidlegare samarbeidspartnarar, og er alltid på utkikk etter nye.

Eit utval av aktørane Jussformidlingen har samarbeidd med i 2025:

- **Bergen fengsel og Bjørgvin fengsel:** Innsette er ei sårbar gruppe. I praksis blir dei ofte utsette for fleire restriksjonar enn berre fridomsrøvinga i seg sjølv (slik som til dømes tilgang på helsetenester), sjølv om det ikkje er tilsikta. Som regel får dei heller ikkje bruke telefon og internett fritt. Det gjer det både vanskeleg for dei å oppsøkje og å få juridisk rettleiing og bistand utanfrå.
- **Lyderhorn Overgangsbolig:** Lyderhorn overgangsbolig har til vanleg 16 plassar. Innsette overførast frå fengsel med høgt eller lægre tryggleiksnivå til overgangsbustad når ein del av straffa er sona. Overføringa må vere eigna til å fremje ei positivt utvikling hjå den innsette. I 2025 har Jussformidlingen halde føredrag på Lyderhorn overgangsbolig.
- **Bergen moské:** Bergen moské er eit muslimsk trussamfunn og ein ideell organisasjon. Tidlegare har Jussformidlingen drive med rettsopplysande arbeid i form av føredrag og gjeve generell juridisk rettleiing i moskeen. Jussformidlingen er i kontakt med moskeen om å halde fram samarbeidet, og å arrangere fleire føredrag.
- **Crux Kalfarhuset Oppfølgingscenter:** CRUX Kalfarhuset oppfølgingscenter i Bergen er eit oppfølgingstilbod for menneske som ønskjer å arbeide med endring for å oppnå eit liv utan rusavhengigheit og kriminalitet.

5.2.3 RETTSOPPLYSANDE FØREDRAG OG BROSJYRAR

Ein av rettshjelpargruppa sine hovudoppgåver er å halde føredrag for grupper som har behov for retts- hjelp innanfor dei områda Jussformidlingen arbeider med. Deltakarane nyttar høvet til å stille andre juridiske spørsmål enn det som knyter seg til føredraget, og får kontaktinformasjon i fall det er behov for vidare bistand.

I 2025 har Rettshjelpargruppa:

- Vore på månadlege besøk i Bergen fengsel og Bjørgvin fengsel
- Vore på besøk hjå CRUX – Kalfarhuset
- Halde føredrag for Knarvik vidaregåande skule
- Hatt føredrag for Lyderhorn overgangsbolig
- Hatt møte med gatejuristen og Kirkens bymisjon
- Hatt møte med KIL-fondet

Det har òg vore eit mål å oppdatere Jussformidlingen sine rettsopplysande brosjyrar, men det kom ikkje midlar til dette arbeidet før seint i 2025. Rettshjelpargruppa planlegg difor å ta opp igjen og kome vidare med oppdatering av brosjyrane våre i 2026.

5.3 RETTSPOLITISK UTVAL (RPU)

5.3.1 KORT OM RETTSPOLITISK UTVAL

Hovudoppgåva til det rettspolitiske utvalet er å styrke rettsstillinga til målgruppa vår ved å setje søkjelys på rettslege utfordringar i samfunnet, og å vere med på å utvikle rettsstillinga ved å delta i samfunns- debatten som ein aktiv og seriøs aktør. Bidraga kjem i form av høyringsfråsegner, debattar i regi av Jussformidlingen og ved publisering av artiklar i lokal- riks- og fagmedia.

Våren 2025 var gruppa leidd av Liv Kristin Bjørgeas Helle, og hausten 2025 av Agathe Brekke Steen.

5.3.2 BIDRAG I 2025

I tillegg til å publisere artiklar og høyringsfråsegner har RPU mellom anna delteke på fleire møte med politikarar og andre relevante aktørar for å prøve å få gjennomslag for dei rettspolitiske måla våre (lista er ikkje uttømmende):

- Møte i Rettshjelpsalliansen om slagplan for å motarbeide det føreslegne kuttet til spesielle retts- hjelpstiltak i statsbudsjettet.
- Munnleg høyring for Justiskomiteén på Stortinget om det føreslegne kuttet i statsbudsjettet, saman med resten av Rettshjelpsalliansen.
- Møte med stortingsrepresentantane Marian Hussein og Kathy Lie om behovet for eit lågterskel tvisteløysingsorgan for arbeidsrettstvistar.
- Møte med stortingsrepresentant June Trengereid Gruerom om behovet for eit lågterskel tviste- løysingsorgan for arbeidsrettstvistar.
- Føredrag hjå Geelmuyden Kiese om politisk påverknadsarbeid og møte med tidlegare stortings- representant Helge Orten, spesifikt om korleis Jussformidlingen bør gå fram for å få gjennom- slag for ATU.
- Møte med Jussbuss om samarbeid om ATU.
- Innspel til programutkastet til Raudt Vestland, der Jussformidlingen særleg løfte fram behovet for ATU.
- Kontakta Advokatforeningen for å gjenoppta arbeidet med reform av forliksrådet.
- Deltaking på Rettspolitisk forening sitt haustseminar og KROM-konferansen.

5.3.3 RETTSPOLITISK FOKUS I 2025

I 2025 har RPU hatt særleg fokus på å synleggjere behovet for å opprette eit lågterskel tvisteløysingsorgan for arbeidstvistar («Arbeidstvisteutvalet»/«ATU»). Som nemnt ovanfor har Jussformidlingen vore i møte med fleire stortingsrepresentantar for å fremje dette forslaget, og vi har òg samarbeidd med søsterorganisasjonane våre, t.d. Jussbuss. Jussformidlingen har òg følgt opp behovet for ei reform av forlikrådsordninga, som har vore eit fokusområde i fleire år. Jussformidlingen kjem til å halde fram med å ha eit særleg fokus på desse to temaa i 2026 òg.

RPU har arbeidd med å styrkje og profesjonalisere det rettspolitiske arbeidet sitt i 2025, og kjem til å halde fram med det i 2026. Det er mellom anna laga ei såkalla *vitebok* med erfaringar og opplysingar som skal betre kontinuiteten i det rettspolitiske arbeidet frå år til år. Som nemnt er eitt av måla å auke tala på høyringsfråsegner som blir skrivne. I den grad det har vore disponible midlar til det, har òg RPU freista å sende medlemmer til Oslo for å delta i direkte møte med stortingspolitikarar, sidan vi har opplevd at budskapet vår blir oppfatta betre under fysiske møte.

5.3.4 HØYRINGAR

Vårsemesteret 2025 leverte ikkje Jussformidlingen høyringsfråsegner. Årsaka var at ingen av høyringane blei vurderte til å vere relevante for Jussformidlingen sitt arbeid. Haustsemesteret blei det levert fire høyringsfråsegner, og det har vore eit mål å få opp talet på leverte fråsegner. Kvaliteten på høyringsfråsegnene har òg vore god.

I 2025 har Jussformidlingen sendt følgjande høyringssvar:

- Høyringssvar til forslag til ny forskrift om dokumentasjon og arkiv (arkivforskrifta).
[<https://www.regjeringen.no/contentassets/fa76b1b67ba749ddae5f75cd0e79e7d7/jussformidlingen.pdf?uid=Jussformidlingen>]
- Høyringssvar til høyring om lovval og medlemskap i folketrygda for lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar.
[<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-utkast-til-endringer-i-folketrygden-lovvalg-og-medlemskap-i-folketrygden-for-lokalt-ansatte-4-ved-norske-utenriksstasjoner/id3115777/?uid=280627ee-3314-4433-ba8d-cb929d43f6ce>]
- Høyringssvar til forslaget til ny sambuarlov (NOU 2025:6 - Samboerloven - Regulering av det økonomiske forholdet mellom samboere).
[<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-nou-2025-6-samboerloven-regulering-av-det-okonomiske-forholdet-mellom-samboere/id3110015/?uid=c31880d7-8e61-413a-9ba5-2e00a0c2c8b7>]
- Høyringssvar til forslag til endringar i utlendingslova og utlendingsforskrifta – saksbehandlingsreglene for kollektiv beskyttelse mv.
Førebels ikkje publisert på regjeringen.no.

RPU har i samarbeid med marknadsgruppa halde fram arbeidet med å publisere høyringsfråsegnene og artiklane som blei skrivne i 2025 på nettsidene våre og på Instagram. Slik når Jussformidlingen ut til endå fleire med budskapet vår.

5.3.5 RETTSPOLITISKE ARTIKLAR

Rettspolitisk veke blir avhalde kvart år, ein gong på våren, og ein gong på hausen. Desse vekene arbeider Jussformidlingen sine sakshandsamarar berre med rettspolitikk, og særleg artikkelskriving. Jussformidlingen har hatt ein stor produksjon av artiklar i løpet av 2025. Berre hausen 2025 fekk Jussformidlingen produsert 19 rettspolitiske eller rettsopplysande artiklar som rettar seg mot målgruppa vår, eller som kastar lys over problemstillingar som er relevante for den same gruppa.

Eit lite utval av artiklane Jussformidlingen fekk publisert i 2025:

- Utdanningsnytt, 27.2.25: Hjelp til selvhjelp ved juridisk undervisning [[Hjelp til selvhjelp ved juridisk undervisning](#)]
- Rettspolitisk debatt, 07.3.25: Renter som glipper, renter du aldri får [[Renter som glipper, renter du aldri får](#)]
- Fontene, 13.03.25: Nav-språk: En begrunnelse mannen i gata ikke forstår [[Nav-språk: En begrunnelse mannen i gata ikke forstår](#) | [Fontene.no](#)]
- Rettspolitisk debatt, 18.08.25: Et falskt håp: oppholdstillatelse på humanitært grunnlag [[Et falskt håp: oppholdstillatelse på humanitært grunnlag](#)]
- Rettspolitisk debatt, 20.10.25: Lang ventetid i utlendingssaker – en vedvarende utfordring [[Lang ventetid i utlendingssaker – en vedvarende utfordring](#)]
- Nettavisen, 04.11.25: Det koster å elske utan kontrakt [[Samboerkontrakt, Samboere](#) | [Samboerkontrakt: Det koster å elske uten kontrakt](#)]
- Rett24, 13.11.25: Tvistelovens svakeste ledd – når prosess blir strategi [[Tvistelovens svakeste ledd – når prosess blir strategi - Rett24](#)]

6. SAKSOMFANG OG STATISTIKK

6.1 TAL PÅ SAKER/OVERSLAG OVER KOSTNAD PER SAK

Jussformidlingen fekk færre munnlege førespurnader («muntlige henvendelser») i 2025 enn i 2024.² Talet på saker som er tekne inn til skriftleg handsaming er likevel mykje likt.³

I 2025 tok Jussformidlingen inn 431 saker til skriftleg handsaming og partsrepresentasjon. Per årsrapporten for 2024 var talet 430 saker.

For året 2026 forventar vi å ha mellom 5 500 og 6 000 munnlege førespurnader og saker. Vi ser føre oss at totalt 450-500 saker vil bli tekne inn til skriftleg handsaming og partsrepresentasjon. Jussformidlingen skal i 2026 arbeide med tiltak for å auke talet på saker som blir tekne inn til skriftleg handsaming.

Utrekninga av kostnad per sak er gjort ved å dele summen av mottekne inntekter i 2025 på talet på munnlege førespurnader og skriftlege saker. Kostnadsoverslaget er gjennomsnittleg. Somme saker blir løyste raskt, medan andre saker er meir ressurskrevjande, til dømes grunna kompleksitet eller partsrepresentasjon overfor instans.

Utrekninga gjev ikkje eit reelt bilete av kostnad per sak. Ein stor del av midlane Jussformidlingen får tildelt går med til anna fagleg arbeid som ikkje knyter seg direkte til handsaming av einskildsaker. Det kan til dømes dreie seg om produksjon og distribusjon av rekvisita til rettsopplysande arbeid, slik som plakatar og brosjyrar, annonsering, oppsøkjande reiseverksemd, arrangørkostnader for rettspolitiske debattar og liknande. Den reelle kostnaden per sak er altså *lægre* enn det utrekninga i tabellen nedanfor viser.

Totale inntekter 2025	kr	5 790 410
Tal på saker		5 591
Kostnad per sak	kr	1 335

² I 2025 mottok Jussformidlingen 5 160 munnlege førespurnader. For 2024 var talet 5865 førespurnader.


³ I 2025 tok Jussformidlingen inn 431 saker. I 2024 var talet 430 saker per tidspunktet for årsrapport 2024.

6.2 MUNNLEGE FØRESPURNADER

Som det einaste studentdrivne rettshjelpstiltaket i Vest-Noreg svarer Jussformidlingen på ei rad spørsmål per telefon frå heile Noreg. Vi gjev òg munnleg rettleiing direkte til dei som møter opp i lokala våre. Erfaringa vår er at dette er ei føremålstenleg måte å arbeide på, og effektiv ressursbruk. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg med munnleg rettleiing på grunn av saka sin art, omfang eller kor vanskeleg ho er, vurderer sakshandsamaren om saka så velferdsmessig for vedkomande at saka skal takast inn til skriftleg handsaming og mogeleg partsrepresentasjon. Jussformidlingen inngår då ein oppdragsavtale med vedkomande, og eit formelt klientforhold blir oppretta. Dersom Jussformidlingen ikkje kan bistå vidare i saka, freistar vi å vise vedkomande vidare til riktig stad.

Jussformidlingen registrerer berre postnummer og rettsområde for dei munnlege førespurnadene. Mange som kontaktar oss ønskjer å vere anonyme. Vi meiner det er viktig å respektere dette ønsket for å kunne halde fram med å vere eit lågterskeltilbod.

I 2025 ga Jussformidlingen munnleg rettleiing i totalt 5 160 saker. Dei førespurnadene Jussformidlingen har svart ut fordeler seg på følgjande måte:



Diagrammet for 2025 viser at dei fleste førespurnadene gjeld arbeidsrett og husleigerett. Vi får òg fleire spørsmål om arverett. Denne sakstypen er blant dei Jussformidlingen ikkje tek inn til skriftleg handsaming av velferdsomsyn. Sakshandsamarane gjev likevel generell munnleg rettleiing over telefon. Når spørsmåla ikkje gjeld rettslege problemstillingar, eller krev spisskompetanse som sakshandsamarane ikkje har, blir dei som ringjer inn viste vidare til rett instans. I desse tilfella hjelper Jussformidlingen likevel til med å identifisere saka sin art og problemstillinga etter beste evne. Denne bistanden har ein eigenverdi for dei som tek kontakt med oss.

Jussformidlingen eit landsdekkjande gratis rettshjelpstiltak, og det einaste studentdrivne rettshjelpstiltaket på Vestlandet. Vi yter bistand til personar i heile landet, både munnleg og skriftleg, for dei sakene som oppfyller vilkåra. Jussformidlingen bistår òg personar i utlandet med tilknytning til Noreg, til dømes i familiegjennforeiningssaker, i saker der arbeidstakarar har måtta forlate landet grunna manglande lønsutbetaling frå arbeidsgjevar, eller utlendingar som har blitt uttransporterte før klagefristen i vedtaket er ute.

6.3 SAKER


6.3.1 STATISTIKKFØRING AV SKRIFTLIG HANDSAMA SAKER

I 2025 tok vi inn totalt 431 saker for vidare rettsleg bistand i form av skriftleg handsaming og moglegheit for partsrepresentasjon. Saksinntaksrutinen inneber mellom anna at klienten må fylle ut eit statistikkskjema, men anonymiserte opplysingar om både saka og klienten. Det er friviljug å fylle ut statistikkskjemaet, og i nokre fåe tilfelle reserverer klienten seg frå å svare på alle spørsmåla i skjemaet. Dei aller fleste fyller likevel ut skjemaet. Det gjev oss ei verdifull oversikt over kva personar vi har hjelpt og kva sakstypar vi har handsama i løpet av eit kalenderår.

Føremålet med grafane er å kaste lys over kva gruppe menneske som får juridisk bistand frå Jussformidlingen, og kva problem dei treng hjelp med. Det er òg innhenta opplysingar om kva livssituasjon dei er i, og kva utfordringar dei står overfor.

6.3.2 GEOGRAFISK FORDELING AV KLIENTANE

Jussformidlingen held til i Bergen, men bistår privatpersonar i heile landet, uavhengig av bustad. Dei fleste av klientane våre, 69,8 %, er busette på Vestlandet. Statistikken viser at vi hjelper ein god del klientar som er busette i andre delar av landet òg, særleg personar som er busette på austlandet. Klientane frå austlandet utgjer 18,6 % prosent av sakene vi tek inn til skriftleg handsaming og partrepresentasjon.




6.3.3 RETTSOMRÅDE OG TYPE TVISTAR

Den geografiske fordelinga av sakene vi vel å ta inn til skriftleg handsaming er i stor grad lik som ved dei munnlege førespurnadene. Om lag 70 % av klientane våre som fekk sakene sine skriftleg handsama hjå Jussformidlingen i 2025 var som nemnt busette på vestlandet.

Kor personen er busett er ikkje eit moment i vurderinga av om vi skal ta inn saka til skriftleg handsaming eller ikkje, men vi opplyser gjerne klienten som andre rettshjelpstiltak som ligg i nærområdet dersom det vil gjere det enklare for personen å oppsøkje hjelp. Det kan forklare kvifor størsteparten av sakene vi tek inn gjeld personar busette på vestlandet.

I motsetnad til sakene der vi gjev munnleg rettleiing, er sakene som blir tekne inn til skriftleg handsaming utvalde etter bestemte kriterium. Det viktigaste vurderingsmomentet er om saka er tilstrekkeleg velferdsmessig. Føremålet med vurderinga som blir gjort før saksinntaket er å kartleggje vedkomande sin ressursituasjon, slik at det i størst mogleg grad er dei med størst behov som får rettsleg bistand frå Jussformidlingen. Rettshjelpsbehovet i samfunnet er større enn det dagens ordning kan dekkje. Utvalskriteria våre skal sikre at dei tildelte ressursane våre skal brukast på rett målgruppe og på dei rette sakene.




Tabellen ovanfor viser rettsområda Jussformidlingen har handsama flest saker innan i 2025.

Diagrammet illustrerer korleis saksinntaksprosedyren vår fungerer. Fordelinga er annleis enn fordelinga for munnlege førespurnader. Vi handsamar framleis flest saker innan husleigerett og arbeidsrett. Når ein samanliknar kolonnen for trygdesaker tekne inn til skriftleg handsaming med kolonnen for trygdesaker der det er gjeve munnleg rettleiing, ser ein at Jussformidlingen tek inn ein prosentvis stor del av sakene til dei som kontaktar oss for bistand innanfor det rettsområdet. Sjølv om det kjem fleire munnlege førespurnader om arverettslege spørsmål enn trygderettslege spørsmål, har vi handsama mange trygdesaker, men ingen arvesaker. Fordelinga er eit konkret utslag av velferdsmessigvurderinga som ligg til grunn for om ei sak blir teken inn til skriftleg handsaming eller ikkje.

Arbeidsrett er rettsområdet Jussformidlingen bistår flest personar i. I 2025 handsama Jussformidlingen totalt 115 saker, ein liten nedgang frå 120 saker i 2024. I mange av dei arbeidsrettslege sakene vi handsama i 2025 handla tvisten om manglande utbetaling av løn og feriepengar. Årsakene til at løn og feriepengar ikkje er utbetalt er ulike. Til dømes kan det vere usemje om kva løn som er avtalt, eller kor mange timar den tilsette har arbeidd. Saman med uteståande løn og feriepengar utgjer rettsstridige oppseiingar brorparten av tvistane vi bistod med innanfor arbeidsrett i 2025.

Arbeidstakarane i dei arbeidsrettslege sakene vi tek inn til handsaming er gjennomgåande dårleg stilt. Det er som regel arbeidsgjevaren som sit på relevant dokumentasjon. Ofte er det krevjande å innhente dokumentasjon til fordel for arbeidstakar frå arbeidsgjevar, særleg etter at det har oppstått tvist. Slik som i tidlegare år, ser vi framleis at det er relativt vanleg at arbeidsgjevar supplerer den skriftlege arbeidsavtalen med munnlege vilkår. Desse munnlege vilkåra er som klar hovudregel ikkje til gunst for arbeidstakar. Når dei likevel ikkje er skriftleggjorde, er det vanskeleg for arbeidstakar å dokumentere kva urimelege krav arbeidsgjevar faktisk har stilt. Det kan særleg kome på spissen i saker om endringsoppseiingar.



Innanfor trygde- pensjons-, helse og sosialrett bistår vi flest personar med juridiske problemstillingar knytt til uføretrygd og arbeidsavklaringspenger. Jussformidlingen handsamar òg ein del saker knytt til ulike sosialhjelpsstønader og tilbakebetalingskrav. I denne typen saker har klientane som regel dårleg økonomi, og svært avgrensa økonomiske midlar til å betale for rettshjelp. Trygde- og sosialrettsregelverket er òg relativt komplisert, slik at det er svært krevjande for dei å skulle kunne klage og følgje opp sakene sine på eiga hand. Stønadene og ytingar dei søkjer om er ofte avgjerande for at privatøkonomien og velferda deira. Jussformidlingen fyller difor eit viktig tomrom når vi yter rettshjelp til denne gruppa.

6.3.4 KVEN HJELPER VI?


Jussformidlingen skal hjelpe dei som av ulike årsaker ikkje har tilgang til (eller høve til å oppsøkje) tilfredsstillande rettshjelp. Det store fleirtalet av menneska vi hjelper har låg inntekt, som gjer det vanskeleg å få rettshjelp frå til dømes advokatar.

Personar med normal inntekt kan òg stå i ein livssituasjon som gjer det krevjande å oppsøkje og få rettshjelp frå tradisjonelle tilbydarar. Det kan til dømes dreie seg om aleineforsørgjarar for born, eller personar med tvangstrekk.

Dei opplysingane Jussformidlingen samlar inn i statistikken må sjåast samla for å få eit dekkjande bilete av årsakene til av målgruppa vår finn det naudsynt å oppsøkje hjelp frå oss, og ikkje andre aktørar.

6.3.4.1 INNTEKT


I 2025 hadde 72 % av klientane våre ei årleg inntekt på under 400.000 kroner. Av desse hadde 57 % av dei under kr 300 000 i årsinntekt. I 2024 hadde 55 % under kr 300 000 i årsinntekt. Talet på personar med under kr 300 000 i inntekt har stige jamt sidan 2021, då det blei gjort grep for å treffe betre på målgruppa vår. Statistikken sidan den gong tyder på at grepa har fungert, og at rettshjelpsbehovet i denne gruppa tilsynelatande aukar.



6.3.4.2 YRKE/HOVUDINNTEKTSKJELDE

I 2025 hadde 67 % av klientane våre eit inntektsgrunnlag som ikkje stamma frå vanleg arbeidsinntekt. Då er talet på personar med fast- eller deltidstilsetjing trekt frå. I 2024 var 60 % av klientane våre i den førstnemnde kategorien. Jussformidlingen hjalpte altså fleire personar utanfor arbeidslivet i 2025 enn i 2024. I 2023 var det berre 50 % av klientane våre som ikkje stod i fast- eller deltidsstilling. Det har altså vore ein stor auke i denne gruppa dei siste åra. Her kan ein òg slå fast at Jussformidlingen treffer godt på målsetninga om å hjelpe dei personane som har dårlegast føresetnader for å få hjelp rettshjelp mot betaling.

I dei aller fleste tilfella fell òg desse personane utanfor fri rettshjelpsordninga. Der Jussformidlingen meiner personar har krav på fri rettshjelp eller fri sakførsel, får dei rettledning i korleis dei skal gå fram for å rettshjelpsbehovet sitt dekt på den måten.




I 2025 var trygdemottakarar den største klientgruppa vår, tett etterfølgd av heiltidstilsette. Elevar/studentar og arbeidsledige utgjorde høvesvis den tredje og fjerde største gruppa. I 2024 var heiltidstilsette den største einskildgruppa som fekk hjelp frå Jussformidlingen.

Som nemnt, og som statistikken viser, hjelper Jussformidlingen ein god del studentar. Prisstiginga i samfunnet, og varierende grad av tilsetjing i arbeid utanfor studia gjer at studentar som regel har trong økonomi. Det gjer at dei ikkje er i stand til å betale for juridisk bistand frå til dømes advokatar.

6.3.4.3 FORMUE

I 2025 hadde 80 % av Jussformidlingen sine klientar formue på under kr 100 000. I 2024, 2023 og 2022 var høvesvis 85, 86 og 84 % av klientane våre i denne gruppa. Talet held seg relativt stabilt, sjølv om statistikken viser at det var ein liten auke i talet på klientar som har formue over kr 100 000 i 2025. Den låge formuane våre til klientane våre bidreg nok til at dei har vanskar for å betale for rettshjelp, og at dei har behov for eit gratistilbod som Jussformidlingen.




6.3.4.4 GJELD

I 2025 hadde berre 20 % av klientane våre gjeld på over kr 1 000 000. Det kan vere ein god peikepinn på at dei aller fleste av klientane våre ikkje eig sin eigen bustad. Det er som regel òg ein god indikator på den økonomiske stillinga deira generelt.


I 80,5 % prosent av sakene som blei tekne inn til skriftleg handsaming i 2025 hadde ikkje klienten vore i kontakt med Jussformidlingen tidlegare. I 2024 gjaldt det 81 %, og i 2023 gjaldt det 75 %. I 2025 hadde 19,5 % av klientane som fekk sakene sine skriftleg handsama fått hjelp av Jussformidlingen frå før.

Behovet for gratis rettshjelp held seg høgt, sjølv etter dei nylege endringane i rettshjelpslova. Det at ein nemneverdig prosent har vore klientar hjå oss ved fleire høve, viser at menneska i målgruppa vår kan ha behov for rettshjelp over tid, til dømes fordi dei er avhengige av søknadsbaserte ytingar, eller elles fordi helse- eller livssituasjonen deira er slik at dei er nøydde eller tvungne til å forhalde seg til privat- eller offentlegrettslege regelverk.



6.3.4.5 HØGASTE FULLFØRDE UTDANNING

Det store fleirtalet av klientane våre, 43 %, har ikkje fullført høgare utdanning enn vidaregåande. Om lag 31 % har fullført høgare utdanning på bachelor- eller masternivå. Høvesvis 11 og 13 % har grunnskule og yrkesfagleg skule som høgaste fullførte utdanning, medan litt under 1 % ikkje har fullført grunnskulen.



6.3.4.6 KLIENTANE SI MOGELEGHEIT TIL Å FÅ HJELP ANDRE STADER


I statistikkskjemaet klientane fyller ut når saka blir teken inn til skriftleg handsaming, blir dei bedne om å svare på spørsmålet om kva dei ville ha gjort om Jussformidlingen eller andre gratis rettshjelpstiltak ikkje fanst.

I 49 % av sakene svarde klientane våre at dei anten ikkje veit kva dei skulle ha gjort, eller at dei hadde gjeve opp, dersom dei ikkje hadde fått hjelp frå Jussformidlingen. I 2024 svarde 52 % det same. Omfanget har altså halde seg relativt stabilt.

Berre 12 % opplyser at dei ville ha teke kontakt med advokat. Det er rett nok ein auke frå 2024, då 10 % oppgav det same, men talet er framleis lågt. I 2019 opplyste 24 % av klientane at dei ville ha oppsøkt advokat. Mykje tyder på at dei høge (og aukande) kostnadene knytt til advokatbistand gjer det mindre og mindre aktuelt for personar med under gjennomsnittleg inntekt å ta kontakt med dei for å få hjelp. Det er ingen haldepunkt for at behovet for rettshjelp i målgruppa vår har blitt mindre.

Prosentdelen av klientane våre som opplyser at dei ville ha kontakta offentleg kontor har halde seg stabilt låg dei siste åra. I 2025 var det tale om 7,16 %. I 2024, 2023 og 2022 låg prosentdelen på høvesvis 8, 8, og 6 prosent.

Tala viser at Jussformidlingen framleis spelar ei viktig rolle ved å fylle eit udekt rettshjelpsbehov for den aktuelle gruppa, til trass for dei nylege endringane i rettshjelpslova.




6.3.4.7 MORSMÅL

Manglande norskkunnskapar kan vere eit hinder for å fremje krava sine. Det kan til dømes vere utfordrande for personar som ikkje har norsk som morsmål å tolke vedtak frå offentlege instansar. Personar som ikkje har norsk som morsmål kan difor ha særleg behov for hjelp med å vareta rettane sine.

Seksti prosent av klientane som fekk sakene sine handsama skriftleg hjå Jussformidlingen i 2025 hadde norsk som morsmål. Femtifem prosent opplyste at dei hadde engelsk som morsmål.

Ein fjerdedel opplyste om at dei hadde eit anna morsmål enn norsk og engelsk. Bergen kommune støttar Jussformidlingen med fire gratis tolketimar kvar månad. Desse blir som regel nytta, og Jussformidlingen set òg av pengar kvart år for innkjøp av tolketenester utover dei fire timane, sidan vi ser at det er behov for det.



7. ÅRET 2025 I KORTE TREKK

Året 2025 var prega av fleire utskiftingar av dagleg leiar. Slike endringar fører med seg ein del slitasje på organisasjonen, og dei tilsette som arbeider der. Trass i denne situasjonen har Jussformidlingen klart å hald normal drift gjennom året, og hjelpt like mange menneske som i samanliknbare år. Erfaringa frå 2025 er at Jussformidlingen er ein robust organisasjon som i store grad kan verke og fungere i uføreseielege periodar.

Det faglege nivået har vore høgt i 2025. Vi fører ikkje statistikk på kva saker vi vinn fram med, og kva saker vi ikkje gjer det, men generelt sett kan ein seie at det er eit stort tal på saker der klientane våre vinn fram, anten ved dom i sin favør overfor private motpartar i tvisteløysingsorgan eller ved medhald i overfor det offentlege i ulike klageorgan i forvaltninga.

Når det gjeld økonomien, skil resultatet for 2025 seg frå tidlegare år. Jussformidlingen har tilsynelatande hatt eit stort overskot. Store delar av dette overskotet er likevel ikkje reelt, men skriv seg frå ulike rekneskapseffektar, fleire av dei som følgje av hendingar og disposisjonar i tidlegare år. Ein del av overskotet skriv seg òg frå einskildtilskot Jussformidlingen mottok seint i 2025, og som vi ikkje hadde høve til å bruke opp før regnskapsåret var omme. Enkelte større investeringar i utskifting av utrangert IT-utstyr blei òg utsett som følgje av uvisse knytt til storleiken på tildelinga over statsbudsjettet i 2025. Når ein les rekneskapen med desse opplysingane i bakhovudet, ser ein at Jussformidlingen jamt over har nytta tildelte midlar som budsjettet i 2025.

Jussformidlingen har drive rettsopplysande og oppsøkjande arbeid i fleire delar av landet, og saman med faste samarbeidspartnarar i Bergen. Vi har levert fleire høringsfråsegner om lovendingar som påverkar klientgruppa vår, og sendt inn verdifulle bidrag til den rettspolitiske debatten. Vi har òg drive med rettspolitisk påverknadsarbeid overfor stortingspolitikarar for å fremje hjartesakene våre. Her koordinerer vi ofte med JURK, Jusshjelpa i Nord-Noreg og Jussbuss, og vi er takksame for det gode samarbeidet i 2025.

I 2025 har Jussformidlingen vist at vi framleis kan utføre kjerneverksemda vår, kvalitetssikra, skriftleg sakshandsaming, partsrepresentasjon og generell, munnleg juridisk rettleiing, på ein svært kostnads-effektiv måte.

Jussformidlingen kunne ikkje ha hjelpt så mange menneske som vi gjer utan tilskota frå gjevarane våre. Vi er svært takksame for at de held fram med å støtte det viktige arbeidet sakshandsamarane våre gjer. Dei tilbyr tida si, engasjementet sitt og ein arbeidsmoral dei fleste arbeidsgjevarar ville vore mis- unnelege på. Det er først og fremst studentane vi har å takke for at Jussformidlingen framleis kan levere kostnadseffektiv, seriøs og fagleg forsvarleg rettshjelp til dei som treng det mest. Utan det friviljuge arbeidet deira, hadde landet vårt våre langt mindre rettferdig.

Eivind Rand Øyre

Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Jussformidlingens rekneskap og budsjett 2025
2. Kommentarer til Jussformidlingens rekneskap 2025 – Universitetet i Bergen

	2 025	Budsjett	Rekneskap
3 Inntekter	Overført fra tidligere år	-1 422 789	-1 423 293
	3679 Andre driftsrelaterte inntekter	-5 641 743	-5 790 410
	Sum	-7 064 532	-7 213 703
5 Løn	5001 / 5009 Fast tilsatte	590 000	51 388
	5099 Periodiseringskonto for gruppe 50	0	-90 000
	5105 Vikarer	0	341 678
	5106 / 5119 / 5104 Engasjert personale / Midlertidig ansatte / Åremåttilsatte	2 811 993	2 953 607
	5081 / 5181 Feriepenger	417 656	401 601
	5190 Avsetning tidsaldo og feriepenger for gruppe 51	0	-208 628
	5091 Periodisering av lønn	0	0
	5211 Fordel EK-tjenester	0	2 928
	5251 Fordel gruppelevsforssikring	0	3 172
	5290 Motkonto for gr. 51	0	-6 100
	5299 Motpost naturalytelse	0	0
	5401 / 5410 Arbeidsgiveravgift av lønn	490 746	435 128
	5411 Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger	58 890	56 626
	5412 Arbeidsgiveravgift av påløpt pensjonsinnskudd	9 177	8 779
	5421 Arbeidsgivers pensjontilskudd	67 980	62 265
	5901 Gaver til ansatte	10 000	9 430
	5801 / 5802 / 5811 / 5813 Refusjon sykepenger/foreldrepenger	0	-57 138
	5921 Gruppelivsforsikring	0	3 172
	5961 Velferdstilskudd	150 000	147 013
	5998 Andre personalkostnader	5 500	1 241
	Sum personalkostnader	4 611 942	4 116 162
6 Drift	6302 Leie lokaler kortsiktig leie	0	0
	6363 Driftsrekvisita - renhold	3 000	2 833
	6390 Andre kostn. drift lokaler	0	0
	6440 Leie AV-utstyr og andre kontormaskiner	30 000	22 972
	6450 Leie av biler	15 000	12 751
	6490 Annen leiekostnad	5 000	4 653
	6520 Programvare	0	0
	6540 Kjøp inventar og utstyr	10 000	3 599
	6550 Datamaskiner og skrivere (kjøp)	50 000	0
	6561 Andre kontormaskiner	0	0
	6570 Arbeidstøy og verneutstyr, kjøp	22 000	13 225
	6580 Forbruksmatr lab., verksted, forskning mm (diverse)	0	0
	6630 Vedlikehold - leid bygg	2 000	1 440
	6660 Service/vedlikehold/reparasjon av maskiner/utstyr/inventar	4 000	0
	6730 Andre konsulenttjenester (talk)	10 000	0
	6750 Kjøp av tjenester til løpende driftsoppgaver, IKT	140 000	105 098
	6801 Kontorrekvisita	20 000	22 624
	6802 Kopiutgifter	6 000	0
	6803 Datarekvisita	2 000	144
	6820 Trykksaker/trykningsutgifter	25 000	17 543
	6831 Annonser/kunngjøringer	5 000	0
	6843 / 6840 Bøker / Avisabonnement	0	1 184
	6860 Møtekostnader untatt servering	7 000	0
	6861 / 6873 Servering ved mater/servering ved kurs	35 000	36 302
	6870 Deltakeravgifter for kurs og seminar, egne ansatte	90 000	73 475
	6871 Arrangement av kurs og seminarer, egne ansatte	250 000	157 622
	6880 Arrangement av kurs og seminar, eksterne	0	4 000
	6890 Annen kontorkostnad	0	0
	6901 Telefon/mobil/bredbånd (abonnement)	9 000	6 367
	6940 Porto	15 000	15 403
	7130/7132 Tjenestereiser oppgavepliktig + ikke oppgavepliktige	120 000	173 653
	7151 / 7152 Diettkostnad oppg./ikke oppg.pliktig	10 000	15 768
	7320 Reklamekostnad og andre markedsstiltak	10 000	949
	7411 Gaver til eksterne	5 000	1 480
	7502 Andre forsikringer (ulykkesforsikring)	100 000	110 342
	7793 Annen kostnad	0	0
	9146 Belastet telefonutgifter	0	0
	9148 Belastet interne datatjenester	25 000	21 736
	9162 Varige driftsmidler belastet	0	27 458
	Sum driftskostnader	1 025 000	852 621
	Inntekter (inkludert overføring frå året før) minus utgifter	-1 427 590	-2 244 920
SUM	Budsjett etter fådrag av positiv overføring ved inngang til 2024	-4 801	-821 627
	Inntekter i 2025		
	Frå Statens Sivilrettsforvaltning	5 169 943	
	Frå Bergen kommune	191 800	
	Frå Bergesenstiftelsen	150 000	
	Frå Kulturstyret (Velferdstinget Vest)	130 000	
	Frå UIB (Læringsmiljøprisen)	100 000	
	Frå Juristforbundet	48 667	
	SUM DIVERSE INNTEKTER	5 790 410	



UNIVERSITETET I BERGEN
Seksjon for budsjett

Justis- Og Beredkapsdepartementet

Postboks 8005 Dep.
0030 Oslo

Dykkar referanse

Vår referanse
26/46263

Dato
27.03.2026

Kommentar om rekneskapsføring av Jussformidlingen - 2025

Økonomiavdelinga ved Universitetet i Bergen (UiB) har ført rekneskapa til Jussformidlingen i 2025. Rekneskapa er ført i samsvar med gjeldande retningslinjer ved UiB og økonomireglementet i staten.

Jussformidlingen hadde ved inngangen til 2024 ei positiv overføring på 1 423 293 kroner. I 2025 hadde Jussformidlingen eit overskot på 821 626 kroner. Dette førte til at det akkumulerte overskotet auka til 2 244 919 kroner i løpet av 2025.

Inkludert i overskotet er automatisk rekneskapsføring av avsetnad for fleksitid registrert i lønssystemet, der det grunna misforståelsar ikkje var registrert riktig antal timar. Dette reduserte kostnadane til Jussformidlingen med 238 046 kroner i 2025. I 2026 har dette blitt korrigert og aukar kostnadane til Jussformidlingen tilsvarande.

Riksrevisjonen reviderer UiB sin rekneskap.

Med venleg helsing

Per Arne Foshaug

Gry Flatabø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Jussformidlingen

Sydneshaugen 10

5007

Bergen

Postadresse
Universitetet i Bergen
Seksjon for budsjett
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:
post@uib.no
Organisasjonsnummer
874 789 542

Saksbehandlar
Gry Flatabø
Telefon: +47 55584968
Mobil:
E-post: gry.flatabo@uib.no

Side 1 av 1